

Vil ha veteranane til Måløy



Veteranbåttreff: Ottar J. Aare (f.v.), Odd Arne Mulelid og Ståle Tennebø inviterer til veteranbåttreff i Måløy under Måløydagene og håpar at hamna blir fylt med både veteranar, som til dømes Olav Ringdal jr. i bakgrunne, og båtar av nyare dato. (Foto: Janne Weltzien Listhaug)

Måløydagene 2013 byr på det første veteranbåttreffet i Måløy. – Heilt naturleg for kystbyen, seier leiar Ståle Tennebø i komiteen.



Janne Weltzien Listhaug
janne.weltzien.listhaug@ftj.no
920 91 229

– Vi har lyst å lage til eit treff der alle som interesserer seg for veteranfartøy kan komme saman, seier Ottar J. Aare i arrangementskomiteen.

I desse dagar går invitasjonen om det første veteranbåttreffet i Måløy ut. At det blir lagt under Måløydagene sikrar endå meir moro til helga 28.–30. juni.

– Det er eit samarbeid med Måløydagene, slik at det blir ekstra mykje liv, seier Ståle Tennebø

– Det er ei fantastisk anledning til å vise båtane fram til ei større

gruppe, seier Aare.

Baktanke

Det er Ståle Tennebø og Odd Arne Mulelid frå Måløy Handelsforening, Ottar J. Aare og Rolf Aare som begge har veteranbåtar, Per-Kåre Nybakk i Nybakks Venner og Thore Gullaksen i Nordfjord Havn IKS som utgjør komiteen. Dei inviterer alt av klassiske båtar: små, store, jern, tre, seil, damp eller med motor til treffet.

– Og så har vi ein baktanke. Og det er eit element av rekruttering til denne typen verksemd. Det er klart at vi har veldig lyst at fleire ungdommar skal slutte seg til og vere ein del av denne delen av kystkulturen, seier Aare.

Komiteen finn det heilt naturleg at Måløy skal ha eit slikt treff.

– Som kystby, der hovudskipsløysa passerer, er Måløy den perfekte plassen for eit slikt arrangement, seier Tennebø.

– Det er mange plassar langs

kysten at det er naturleg med eit slikt treff. Måløy er nært knytt til fiske og skipsfart generelt. Det er absolutt ein bra plass for dette, seier Aare.

Utmerket vertskap

Med det første veteranbåttreffet arrangert i Måløy, ønsker komiteen å sikre eit best muleg resultat.

– Vi skal sørje for at dei som kjem med veteranbåt får eit sterkt fagleg innhald og dei skal bli godt tatt vare på. Og så er eg sikkert på at måløyværingane vil vere utmerket vertskap ved eit sånt treff. Det har dei vist tidlegare, ved Tall Ships Race, seier Aare.

På treffet håpar dei å belyse mellom anna gamle handverkstradisjonar, fartøyvern og vedlikehald av motorar.

Den faglege biten som skal vere under treffet, meiner dei vil vere god nok grunn til å komme til Måløy og den blir det framleis jobba med, ifølgje Tennebø.

– Så har vi kombinasjonen av liv

og røre, folk og underhaldning som ligg i Måløydagene frå før, seier Aare.

Kan bli stort

Komiteen tør ikkje anslå kor mange som faktisk vil komme til treffet. Dei har sendt invitasjonen til lokale foreningar i nærleiken, samt Norsk Forening for Fartøyvern, som igjen sender invitasjon til sine medlemmer.

– Ideen og prosjektet har eit potensial i seg at det kan bli stort. Vi startar med å arrangere dette under Måløydagene, og så får vi sjå om det kan bli eit arrangement på eigen kjøp, seier Tennebø, som forsikrar at det skal vere plass til alle som vil komme.

– Det er første gongen, så det er litt vanskeleg å seie. Det er ein del slike samkomer langs kysten. Vi er litt seint ute, mange har lagt planar for kor dei skal reise. Det må komme det som kjem første året, så må vi sørje for at det blir så givande for

dei som er her at det forhåpentlegvis blir fleire ved nest anledning, seier Aare.

Tar opp igjen tradisjon

I tillegg til alle aktivitetane som blir på Måløydagene, håpar veteranbåt-komiteen å blåse liv i ein gammal tradisjon.

– Viss det kjem så mange som vi forventar, tar vi opp igjen tradisjonen med paraden, opptoget vi har hatt tidlegare. Det håpar vi på å gjenopplive, seier Tennebø.

– Eg synest det er spennande og litt spenstig at ein tar tak i dette. Eg trur det vil passe inn i settingen med Måløydagene. Og at Måløy vender seg mot det som er maritimt og historisk er heilt naturleg, seier Aare om treffet, og viser til Fiskerimuseet og Havfiskefestivalen som handlar litt om det same.

Han stiller også med eigen veteran, Auno, til treffet.

– Den deltek på Tall Ships Race og er ei 60 fots seglskute, fortel han.

Ønsker også småbåtar velkomne

Også båtar av nyare dato blir ønska velkommen til Måløydagene.

– Måløydagenekomiteen inviterer også alle småbåtar nord og sør om Stad til den nye gjestehamna i Måløy, seier Ståle Tennebø i Måløy Handelsforening.

Arbeidet med den nye sjark- og gjestehamna, med sanitærlegg på kaia i Måløy, skal vere ferdig i mai, ifølgje Tennebø.

– Dette gjer vi for å vise fram den fantastiske gjestehamna Måløy har fått

etter oppgraderinga, seier Tennebø.

Håpet er at det skal bli fullt av både store og små båtar i Måløy under Måløydagene.

– Gjestehamna er eit pluss for gjestene generelt, seier Ottar J. Aare i ko-

mitéen for veteranbåttreffet.

– Veldig mange av veteranbåtane er større båtar, som lettare vil bruke vanlege kaiar enn flytebyggene. Så veteranbåtane vil ikkje legge beslag på gjestehamna, forsikrar Aare.